

PÅ FRIARFØTER I GUDBRANDSDALEN

Kirsti Krekling

Velkomen til ei tidsreise på om lag 250 år. Ho går gjennom Gudbrandsdalen på friarføter.

Bidraget mitt omhandlar friarskikkar hovudsakleg i bondesamfunnet frå siste halvdel av 1700-talet og fram til i dag. Alle i salen kan no laga egne bilete i hovudet etter kvart som skildringane kjem.

Tradisjonelt har bondegutar i Gudbrandsdalen fria som i andre delar av landet. Etter at to kjærastar vart samde om å gifta seg, var det foreldra som avgjorde spørsmålet om eit førestående ekteskap. Friaren hadde gjerne ein velsett mannsperson med seg – ein friarmann, ein belemann – til jenta sin foreldreheim. Belemannen la fram ærendet til guten og forhandla om økonomiske og praktiske avtalar, som vart bekrefta med handslag frå jente, gut, foreldra henner og friarmannen. Elles hadde kvinnene ein passiv rolle i denne stunda.

Festarmålet var ei bindande handling. Denne skikken avtok sterkt mot 1900 og vart gradvis heilt borte før 2. verdskrigen.

Forsking viser at festarmålet, sjølve forlovinga – var starten på eit sambuarskap – trass lovar og forordningar.

Amtmann Sommerfeldt kommenterte ei slik forordning frå 1791, som sette forbod mot at forlova par kunna bu saman før bryllaupet:

«Men boe de Trolovede end ikke under eet Tag om Dagen, de sove dog vist i een Seng om Natten. Dette er een Sædvane saa vedtagen af Almuen, at ingen lov afskaffer den, uden den som afskaffer Trolovelser.»

Før ein slik avtale kunna koma i stand, inneheldt friarferda fleire kritiske punkt.

I redsle for å skulla leva som ugift, kunna ein ty til spådomar. Statusen ugift var verst for kvinner, særleg for ugifte mødrer,

og det var oftast kvinner som tok i bruk spådomskunstar. Trua på å påverka sin eigen lagnad var levande, og motivasjonen var delvis òg å opponera mot koplinglekteskap og foreldreautoritet.

Folkekultursamlar Edvard Grimstad omtalar fleire typar spådomskunstar – t.d. Å setja fram tre skåler ei høgtidsnatt – ei med øl, ei med melk og ei med vatn. Den ein skulle giftast med villa koma fram og drikka av ei skål. Ølskåla tydde rikdom, mjølkeskåla varsla middels økonomiske kår og vasskåla spådde armod. Live Uppigard i Skjåk sette ut skåler ei julenatt. Ved midnatt kom ein ukjend uniformskledd mann og drakk av ølskåla. Seinare i jula møtte ho han i kyrkja – odelsguten på Harsheim. Dei to vart ektefolk og dei fekk eit liv i gode kår.

Ein annan metode var å gå baklengs tre gonger rundt huset ein høgtidskveld, å ha sju eller ni slag blomster under hovudputa jonsoknatta eller å gå til eit vegkryss i fandens namn tre torsdagskveldar på rad. Alle måtane villa mana fram biletet av ein komande ektemann.

Blomsterspådomen har kanskje nokon i salen forsøkt???

HUGVENDING

Ulovlege midlar var magi av ulike slag – m.a. hugvending – å vekkja og venda kjærleik til seg. Vendinga kunna gjerast ved ulike elskovsdrikkar, noko å eta eller røra, som urter eller noko intimt frå ein sjølv, som sveitte, blod eller hår. Mange oppskrifter har urter som marihand og delar av dyr – ormetunge eller hovudet av frosk.

Oppskriftene finnest i svarte bøker. Ei oppskrift frå Gausdal lyder: «Kan du få i henne noe av ditt eget blod utan at hun vet om det, kan hun ikke stå imot.»

Svartbok frå Gudbrandsdalen av Velle Espeland har ikkje slike oppskrifter. Eigarane av desse har tydelegvis vori meir interesserte i korleis få jaktlykke eller kurera dyresjukdomar.

NATTEFRIING

Når gutar var vel konfirmerte, gjekk dei på besøk til jentene laurdagskvelden. Dette var helst ein sommarskikk då jentene sov i uthus eller arbeidde på setra. Gutane kunna gå i flokk og vart gjerne mottekne med ein dram eller noko å eta. Døra kunna vera låst fordi det alt var ein friar der eller dei var rett og slett ikkje velkomne. Utover natta kunna flokken tynnast ut fordi ein eller fleire gutar vart att hos ei jente.

I tradisjonsoppskrifter understrekar informantar og heimelsmenn kor sømeleg og uskyldig skikken var – ungdomane snakka berre saman og gutane låg oppå fellen, alle var fullt påkledde.

Embetsmenn, og særleg prestar, engasjerte seg i denne tradisjonen og prøvde å avvikla skikken. Dei kom med lovframlegg til heradstyra, heldt opplysningsmøte og protesterte skriftleg. Forsøka på å stifte foreiningar mot «natteløberi» vart aldri realiserte. Nattefrieriet vart særleg utbreidd i samband med bygging av veg og jarnbane. I Gausdal kom problemet opp i samband med ein bispevisitas i 1866. Bispen stilte spørsmål om «natteløbere, frierie og uægte Børn». Svaret var at «Bygden har mange saadanne, som man skulle se til å raade bod på – men dette er en meget vanskelig sag.»

Nattefriing kunne vera ein risikosport på mange vis,» skriv Hans Hosar i *Skjåk bygdebok*. Han nemner spesielt faren for uønska graviditet.

Graviditet før ekteskapet og «uægte fødte Barn» var eit sentralt punkt for studiane til Eilert Sundt på midten av 1800-talet. Han fekk kunnskap om denne skikken då han budde i Nord-Gudbrandsdalen og vart svært moralsk forarga. «De overvættes hyppige uægte fødsler fornemmelige blandt tjenerklassen i Øvre Romerike, på Hedemarken og i Gudbrandsdalen ere mig vidnespyrd om nattefrieriets udskeielser.» Han såg eit direkte samband mellom nattefriing og ungar fødde utom ekteskap – kalla det «løsagtighed». Mest

moralsk forarga var han over at skikken var akseptert av foreldra.

Statistikken frå denne tida viser at Sundt nok hadde rett: Av alle brurer på landsbygda var mellom 22% og 65% gravide eller hadde fødd før dei gifta seg. Tidlegare – i 1750 – fekk tre av tolv par som gifta seg ungar meir enn ni månader etter bryllaupet.

FRIARVEGEN

Det kritiske i samband med frieriet var å få nei frå jenta eller foreldra hennar. Og ein gut var nok svært open for inntrykk på friarveg. Varseltaking er nok kjent for oss alle – sjølv om vi kanskje ikkje praktiserer det.

Å fri ein fredag, var det same som å få nei – det finnest mange belegg for dette i dalen. Torsdag og laurdag kveld var friaren velsett. I jula og i påska var det størst hjartelag og velvilje. Helst skulla månen vera i ny. Ein neande måne villa redusera kjærleiken. Å møte ein vakker gut eller ein velvaksen mann, var eit godt teikn – aller best om dei køyrde med ein kvit hest. Eit dårleg omen var å møte gamle kjerringar, presten, katter og kråker. I Skjåk heitte det: «Trefte friaren ei stygg og gamal kjerring, var det best han gjekk heim att.» Møte med ramn og hund varsla derimot godt.

KJÆRASTEGÅVER

Medan to var kjærastar gav dei kvarandre små gåver, helst noko dei hadde laga sjølv. Guten kunna få strømpband, vottar, broderte bukseselar t.d. Guten kunna gje jenta eit lite skrin, ein nøstepinne eller ein nøstekrok. Når festarmålet var inngått, var gåvene oftast noko meir, eit symbol på at dei villa setja ny heim, investera i heimen og eit teikn på at dei var forlova – som ei finskjorte til guten og eit mangletre til jenta.

SPØRJELISTER

I 1937 utarbeidde Rigmor Frimannslund spørjeliste om friing i serien Ord og Sed. Det er hovudkjelda til tidlegare

friartradisjon. For eit par år sidan sende NEG – Norsk Etnologisk Gransking ut ei ny liste om same emnet.

Som tidlegare ser det ut til at friarhøgtida i dag òg er jula. I tillegg kjem nyårsaftan. Enno er det mest menn som frir – og skuddårskvelden er det fritt fram for kvinner. Kvinner friar òg frå konsertscenen, under direktesende fjernsynsprogram, på arbeidsplassen til kjærasten – bringa dit som ein stor pakke.

Skikken der friaren ber faren til kjærasten om handa hennar, har tatt seg opp etter å ha vori lite praktisert dei siste 100 åra.

Å gå ned på kne under frieriet kan ikkje reknast som ein bygdeskikk. Ifølgje den nye spørjelista synest nokon dette er tåpeleg – andre meiner det er svært så romantisk...

Svara på spørjelista viser at astrologi er populært og at klårsynte ofte får spørsmål om kjærleik og val av framtidige partnarar. Internett er ein friararena, og det eksisterer framleis kontaktannonsar i avisene.

KJELDENE

Dei eldre tradisjonssamlingane og svara på spørjelistene er mange og relativt samanfallande: informantane har lagt inn delar av eigne etiske opfatningar og eige verdisyn, og ikkje sjeldan generaliserer dei og gir ingen opplysningar om variablar. Skildringane er normative og gir inntrykk av at individuelle val aldri har eksistert. Dei er upresise når det gjeld tid, rom og sosial gruppe. T.d. Kan vi lesa «I gamle dagar fria dei om laurdagskveldane» og «Dei gifta seg om sommaren». Kven er dei, i kva for hundreår gjeld opplysninga og kvar i landet hende dette? Og når var eigentleg gamle dagar?

Les meir i Årbok for Gudbrandsdalen til hausten!

Takk for at de høyrde på!

